



ÅRSMELDING FOR 2024 FOR FJELL KULTURMINNELAG

Fjell kulturminnelag har i 2024 hatt sitt 37. arbeidsår.

Desse har vore i styret for laget:

Ove Midttun	- leiar
John Einarsen	- nestleiar
Jarle Vindenes	- kassastyrar
Vigdis Landro	- skrivar
Steinar Skorpholm	- styremedlem
Ingalis Malmo	- 1. varamedlem
Ove Foldnes	- 2. varamedlem

Årsmøtet for 2023 vart halde i Knarrevikløpa 14. mars 2024. Det møtte 14 medleamar. I tillegg til dei vanlege årsmøtesakene, held krigshistorikar Per Helge Martinsen kåseri om «Motstandskamp i Øygarden 1940-1945».

I meldingsperioden har styret hatt sju møte og handsama 31 saker. Møta har vore i kontorlokala til Sotra Gruppen på Vindenes, i bedehuset på Turøy og på Biblioteket på Sartor Storsenter.

Medleamar:

Laget har to æresmedleamar, Else Marie Kind Hevrøy og John Einarsen, og 37 betalande medleamar. Lagspengane er 250 kroner per år. Vi har sendt meldingar til folk som tidlegare har vore med i Fjell kulturminnelag, i von å få fleire inn som betalande medleamar.

Valnemnd:

I meldingsåret er Hallgeir Dale og Ingalis Malmo i valnemnda.

Aktivitetar:

Tilskipningar:

Onsdag 24. april hadde vi samling på Giertsennausta der det vart omvising i nausta og orientering om Fjell kystlag av Svein Arne Storesund. Jakob G Ågotnes held kåseri om notbøteriet som vart driven på Giertsennausta frå 1903 fram til ut på 1960-talet. Vi var 14 tilhøyrarar som òg fekk godt stell med kaffi og kaffimat.

Sundag 9. juni tok Tore Turøy 62 frammøtte med på historievandring på Turøy. Turen gjekk frå kaien og nausta, opp rundt busetnaden og attende til kaien der mange av oss tok turen med skøyta «Solsvik I» ut gjennom sunda vestom Turøy.

Songkvelden "Allsong på kysten" vart halden fredag 13. september på Notloftet på Vindenes. Vi var vel 100 personar som fekk dela songglede på Notloftet. Gudveig Lillebø presenterte heftet «Da va no so da va, da» og las frå heftet om oppvekst på øyane og stubbar frå bygdene våre. Programmet var elles velkjend for dei som hadde vore på «Allsong på kysten» tidlegare år. "Klungerrosa" gledde oss med vakker song. Olav Kobbeltveit var festleiar/førsongar, og festlyden song seg gjennom eit nytrykt songhefte med tonefølge av Olav Ulveseth og Bjørn Tore Hummelsund. Folk fekk servert lapskaus, kaffi/te og tebrød og kunne kjøpa drikke.

Vi hadde kulturminnevandring på Kallestad og Trengereid sundag 29. september. Bjarne Tingvoll tok oss med vest om busetnaden på Kallestad, til Kallestadvika og deretter til Trengereid. Vi var 13 deltakarar med kulturminnevandringa.

Torsdag 31. oktober skipa vi kulturminnekveld i Knarrevikløa med emnet var «Hermetikkindustrien i vårt område». Jostein Misje som har nær tilknytning til industrien, held kåseriet. Fleire av dei godt 20 frammøtte, kunne fortelja om eigne opplevingar knytt til næringa.

Deltaking:

Kulturminnelaget stilte med plakatbukk på Langøymarknaden 24. og 25. august med sal av heftet «Da va no so da va, da» og «Båtar i Fjell», reklamerte for «Allsong på kysten» og freista på å verva nye medlemar.

Då «Friviljugdagane» vart halden 27. og 28. september på Sartor Storsenter var kulturminnelaget på plass og selde hefte og bøker.

Gjennom Landslaget for historielag har Fjell kulturminnelag teke i bruk eit dataverkty som heiter StyreWeb for å forenkla m.a. arkiv, rekneskap og heimesida. Styret hadde to kursdagar i oktober for å få innføring i systemet.

Fjell kulturminnelag saman med Øygarden sogelag og Sund sogelag skipa eit eige lag for å få laga filmar om ulike kulturminne i kommunen vår. Vi legg opp til samarbeid med TV Vest for å få til prosjektet.

Arbeid elles:

På førespurnad frå Fjell kulturminnelag laga Gudveig Lillebø heftet «Da va no so da va, da». Heftet kom frå trykkeriet i sommar og salet har vore godt.

Styret har arbeidd med å få laga og montert opplysingsskilt på ein del kulturminne.

Nordvikkverna og Knarrevikløa har fått naudsynt tilsyn og rydding på tomtane. Smia på Ulveset har hatt vanleg tilsyn.

Deltaking i tilgrensande organisasjonar:

Nils-Arne Ekerhovd og John Einarsen er med i styret for Stiftinga Knarrevikløa i 2024. Nils-Arne Ekerhovd er styreleiar.

Gudveig Lillebø er kulturminnelaget sin representant i redaksjonen for "Havstrilen" som kom ut med nytt hefte i november.

Økonomi:

Økonomien i kulturminnelaget er bra.

Vi har fått selt eitt tjuetals eksemplar av "Båtar i Fjell" i 2024. Restopplaget av boka står på lager i Knarrevikløa. Salet av «Da va so da va, da» har gitt overskot. Økonomien i "Allsong på kysten" bar seg, ikkje minst takka vere stønad frå «Den kulturelle spaserstokken» og eit 10-tals lokale verksemder.

Fjell kulturminnelag søkte og fekk 4 000 kroner i driftstilskot og 10 000 kroner i stønad til arbeidet med å laga opplysingsskilt på ein del kulturminne.

Revisor er John Erik Ågotnes

Vindenes, 20. januar 2025

Ove Midttun

John Einarsen

Vigdis Landro

Steinar Skorpholm

Jarle Vindenes